

# Vedtekter

## for

# Fusa Kraftlag SA

Frå 01.01.2011  
Siste endring 29.06.2020



# Vedtekter for Fusa Kraftlag SA

Gjeldane frå 01.01.2011  
Endra 20.05.2015 og 05.06.2018  
Siste endring 29.06.2020

## **§ 1 Namn**

Føretaket sitt namn er Fusa Kraftlag SA.

## **§ 2 Føremål**

Fusa Kraftlag SA er eit ålmennyttig samvirke med skiftande medlemstal og kapital.

Føremålet til selskapet er å fremja interessene til innbyggjarar og verksemder i konsesjonsområdet

Dette skal oppnåast gjennom;

- å eiga, byggja og driva anlegg for energiforsyning.
- å omsetje elektrisk energi.
- å produsere energi, eller delta som eigar i produksjonsanlegg.
- å byggja og driva breibandsnett
- å forvalta kapitalfondet slik at det gjer ei langsiktig stabil inntekt
- å driva, yta midlar til, eller eiga anna verksemd, med naturleg tilknytning til føremålet.
- å delta aktivt i tiltak med ålmennyttig føremål i kraftlaget sitt konsesjonsområde.

-

## **§ 3 Forretningskontor**

Fusa Kraftlag SA sitt forretningskontor er i Bjørnafjorden kommune.

## **§ 4 Medlem**

Medlemsinnskottet skal lyda på namn og fødselsnummer/føretaksnummer.

1. Alle personar som er busette i, eller organisasjonar med forretningsadresse i Fusa Kraftlag sitt konsesjonsområde og som kjøper varer eller tenester frå Fusa Kraftlag, eller av eit selskap som Fusa Kraftlag eig åleine eller saman med andre samvirkeforetak kan vera medlem.
2. Medlem som tilfredstiller §4.1 vert sett som medlem frå tidspunkt medlemsinnskott er innbetalt.  
Styret avgjer tvistar om rett til å bli godkjent som medlem.
3. Nye medlemer kan ikkje skyta inn meir enn eit medlemsinnskott
4. Eit medlem melder seg ut skriftleg.
5. Dersom eit medlem ikkje stettar kravet i §4.1 vert medlemsinnskottet tilbakebetalt og medlemskapitalkonto avslutta.

## **§ 5 Medlemsinnskot**

Medlemsinnskotet er kr 200

## **§ 6 Omsetjing**

Medlemsinnskotet kan ikkje omsetjast.

Ved arv gjeld arvelova sine vilkår. For å behalde arva medlemsinnskot må den som arvar medlemsinnskotet tilfredsstill § 4.1. Tilfredsstiller ikkje arvtakar §4.1, vil medlemsinnskotet verte attendebetalt.

## **§ 7 Overgangsreglar**

Medlemmer som før 2009 12 31 har registrert medlemsinnskot høgare enn 200 kroner, kan behalde medlemsinnskotet i laget eller løyse inn det overskytande innskot etter eige ønskje.

## **§ 8 Styret**

### 8.1 Val av Styret.

Fusa Kraftlag SA skal ha eit styre på 5 medlemmer og 3 varamedlemmer med funksjonstid på 2 år. Dersom det ligg føre særlege grunnar, kan styremedlem eller varamedlem veljast for kun eitt år.

Årsmøte vel 4 styremedlemmer og 2 varamedlemmer i rekke. Eit styremedlem med personleg varamedlem skal veljast av og blant dei tilsette i Kraftlaget, og Kraftlaget sine dotterselskap.

Årsmøtet vel leiar for 1 år blant dei 4 styremedlemmene valde av medlemmene.

### 8.2 Dersom ingen får meir enn 50% av avgjevne røyster ved første valomgang vert det omval mellom dei to som har flest røyster. Dersom det vert likt røystetal ved omval, vert valet avgjort ved loddrekking.

### 8.3 Personval skal vera skriftleg dersom det føreligg forslag på fleire kandidatar.

### 8.4 Styret sine gjeremål er m.a.:

- a) Leiar i styret saman med 1 - eit - styremedlem bind laget med underskriftene sine.  
Styret kan gje prokura.
- b) Styret leier laget i samsvar med vedtekter og vedtak på årsmøte.
- c) Tilsetje, suspendere eller avsetje dagleg leiar og å fastsetje løn, arbeidsvilkår og instruks for han/ho.
- d) Forvalte og syte for forsvarleg organisering av verksemda § 76-1
- e) Fastsetje planar, budsjett og retningslinjer for verksemda § 76-2
- f) Halde seg orientert om økonomien og sjå til at verksemda sin, rekneskap og formuesforvaltning er gjenstand for tilfredsstillande kontroll.

- g) Setja i verk undersøkingar dei finn naudsynte for å kunne utføre sine oppgåver.
- h) Kwart år, seinast ei veke før årsmøtet, leggja ut årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding til gjennomsyn for medlemmer. Rekneskapen skal følgja kalenderåret, og skal følgja praksis for god rekneskapskikk.
- i) Styret skal leggja fram for godkjenning på årsmøte alle saker som måtte gjelda sal eller avhending av aksjer i heileigde dotterselskap, samt også eventuelle vedtak om fusjon, fisjon eller annan samanslåing av heileigde dotterselskap med andre selskap. Stemmerettsreglane for vesentlege vedtektsendringar gjeld.

## § 9 Årsmøte

- 9.1 Ordinært årsmøte skal haldast kvart år innan årets første 6 månader.
- 9.2 Innkalling  
Ordinært årsmøte vert kalla inn etter Lov om samvirkeføretak §§44 - 47. Saksdokument til årsmøtet blir gjort tilgjengelege for medlemmer på heimesida seinast ei veke før årsmøtet. Medlemmer som ber om det, får tilsendt saksdokument. Omframnt årsmøte kan kallast inn av styret. Dersom revisor eller minst 50 medlemmer set fram skriftleg krav om omframnt årsmøte skal styret innan 1 månad frå kravet er fremja, kalle inn til omframnt årsmøte. Innkalling skal skje med minst 1 veker varsel, på same måte som for ordinært årsmøte.
- 9.3 Ordinært årsmøte skal sjå til at føremålet med laget vert fremja i samsvar med vedtekter, og tidlegare vedtak frå årsmøtet.
- 9.4.1 Det skal førast protokoll frå årsmøta. På kvart møte vert 2 av dei frammøtte valde til å skriva under protokollen saman med møteleiaren.
- 9.5 Årsmøtet har desse gjeremåla:
  - 1. Godkjenne årsrekneskap og årsmelding, herunder disponering av årsoverskotet/dekking av eventuelt underskot.  
Det kan ikkje vedtakast å avsetje meir til etterbetaling/forrenting enn det som styret føreslår.
  - 2. Velja styreleiar, styremedlemmer og varamedlemmer til styret og fastsetje godtgjersle til styret etter framlegg frå valnemnda. Velja valnemnd etter framlegg frå styret.
  - 3. Tilsetje og fastsetje godtgjersla for revisor.
  - 4. Gjera vedtak i andre saker som styret legg fram for årsmøte. Framlegg frå andre enn styret må koma inn til styret innan 1. mars for å verta handsama på det ordinære årsmøte.
  - 5. Årsmøtet avgjer sakene med simpelt fleirtal av dei avgjevne røystene når ikkje anna er sagt i lov eller vedtekter. Ved likt stemmetal gjeld det som møteleiaren sluttar seg til (gjeld ikkje ved val og tilsetjingar).
- 9.6 Kvar medlem har ei røyst på årsmøtet. Ein medlem kan dessutan røyste som fullmektig for ein annan medlem. Personar som har medlemsskap saman, kan berre gje ei røyst. Ektefelle/registrert sambuar kan opptre som fullmektig for einannan.

### **§ 10 Valnemnd**

Fusa Kraftlag skal ha ei valnemnd på 3 personar der ein står på val kvart år.

Valnemnda skal leggje fram for årsmøtet forslag til styreleiar og styremedlemmer, samt forslag til styrehonorar.

Valnemnda si innstilling skal vera skriftleg og kunngjerast saman med innkalling til ordinært årsmøte.

### **§ 11 Rettergangsreglar**

Tvist om vedtekter eller andre tvistar mellom organ i Fusa Kraftlag skal avgjerast av skiltdomsrett på 3 - tre- medlemmer, 1 - eit- medlem oppnemnd av laget, 1 -eit- av medlemmene og formannen av sorenskrivaren i Norhordland.

### **§ 12 For vedtektsendring gjeld desse reglane:**

Mindre vesentleg vedtektsendringar krev to tredels fleirtal blant avgjevne røyster. Vesentlege vedtektsendringar krev fire femdelar av avgjevne stemmer i 2 – to – ordinære årsmøte.

### **§ 13 For oppløysing gjeld desse reglane:**

Vedtak om oppløysing av laget skal skje etter same reglar som gjeld for vesentleg vedtektsendring.

I tilfelle det vert vedteke å løyse opp laget, vert all overskytande kapital etter at medlemskapitalkonti er oppgjort, overført til eit ålmennyttig fond som har til føremål å fremja ålmennyttige tiltak i konsesjonsområdet til Fusa Kraftlag. Vedtekter for fondet skal fastsetjast av årsmøtet i Fusa Kraftlag.

### **§14 Etterbetaling/forrenting av andelskapital**

Styret kan leggje fram forslag om at inntil 25% av årsoverskotet skal avsetjast til etterbetaling og/eller forrenting på andelskapitalkonti.

Føresetnaden for at det kan gjerast vedtak om etterbetaling/forrenting er at vilkåret om forsvarleg eigenkapital er oppfylt.

### **§15 Kven kan motta etterbetaling**

Etterbetaling kan berre gjevast til laget sine medlemmer, og skal skje i høve til kvart medlem sin handel med Kraftlaget og/eller handel med selskap som Kraftlaget eig åleine eller saman med andre samvirkeforetak.

Etterbetalingsbeløp skal overførast til kvart medlem sin medlemskapitalkonto seinast 1 månad etter årsmøtet sitt vedtak.

### **§16 Medlemskapitalkonto**

For kvart medlem skal det opprettast ein medlemskapitalkonto. Innskotet på medlemskapitalkonto utgjer summen av betaling for medlemsskapet, overføring av etterbetalingsbeløp etter årsmøtetvedtak og renter av saldo på medlemskapitalkonto.

Styret skal leggje fram forslag om kor mykje inneståande på medlemskapitalkonto skal forrentast i samband med fastsetjing av årsrekneskapen . Rentesummen skal reknast ut på grunnlag av saldo på medlemskonti per 31.12 i rekneskapsåret.

**§17 *Uttak frå medlemskapitalkonto***

Medlemmer kan ta ut heile/deler av det som er tilført medlemskapitalkonto ut over innskoten medlemskapital. Uttak skal gjevast skriftlig til laget og skal betalast ut seinast 1 månad etter at laget har motteke uttaksmeldinga.